



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
092/25	Formannskapet	15.05.2025
040/25	Kommunestyret	27.05.2025

Sluttbehandling - Detaljregulering Ytre Øyrane, gang- og sykkelveg

Vedtak i Kommunestyret 27.05.2025:

Sunnfjord kommune vedtek detaljregulering Ytre Øyrane, gang- og sykkelveg plankart datert 28.04.2025 og føresegnar sist revidert 12.03.2025, i samsvar med pbl § 12-12.

Ved endeleg vedtak erstattar detaljregulering Ytre Øyrane gang- og sykkelveg med planident 4647-20230001 del av gjeldande

- områdereguleringsplanen Ytre Øyrane (plan-id.: 4647-143220130001)
- detaljregulering Ytre Øyrane (plan-id.: 4647-20200004)
- detaljregulering Concord (plan-id.: 4647-143220170004)
- detaljregulering Ytre Øyrane/Skaparhuset, Gbnr 21/648 (plan-id.: 4647-20200005)

Dette gjeld også alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegn.

Innstilling frå Formannskapet 15.05.2025:

Sunnfjord kommune vedtek detaljregulering Ytre Øyrane, gang- og sykkelveg plankart datert 28.04.2025 og føresegnar sist revidert 12.03.2025, i samsvar med pbl § 12-12.

Ved endeleg vedtak erstattar detaljregulering Ytre Øyrane gang- og sykkelveg med planident 4647-20230001 del av gjeldande

- områdereguleringsplanen Ytre Øyrane (plan-id.: 4647-143220130001)
- detaljregulering Ytre Øyrane (plan-id.: 4647-20200004)
- detaljregulering Concord (plan-id.: 4647-143220170004)
- detaljregulering Ytre Øyrane/Skaparhuset, Gbnr 21/648 (plan-id.: 4647-20200005)

Dette gjeld også alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegn.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Sunnfjord kommune vedtek detaljregulering Ytre Øyrane, gang- og sykkelveg plankart datert 28.04.2025 og føresegnar sist revidert 12.03.2025, i samsvar med pbl § 12-12.

Ved endeleg vedtak erstattar detaljregulering Ytre Øyrane gang- og sykkelveg med planident 4647-20230001 del av gjeldande

- områdereguleringsplanen Ytre Øyrane (plan-id.: 4647-143220130001)
- detaljregulering Ytre Øyrane (plan-id.: 4647-20200004)
- detaljregulering Concord (plan-id.: 4647-143220170004)

- detaljregulering Ytre Øyrane/Skaparhuset, Gbnr 21/648 (plan-id.: 4647-20200005)

Dette gjeld også alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegn.

Saka gjeld:

Norconsult AS har på vegne av Øyrane Eigedom AS utarbeidd framlegg til detaljreguleringsplan Ytre Øyrane, gang- og sykkelveg. Planområdet på Ytre Øyrane i Førde, sjå kart under. Planområdet inkluderer eigedomane gbnr. 21/37, mindre delar av eigedomane 305, 591 og 648, samt tilgrensande areal langs vegen Øyrane. Planområdet er på om lag 25 daa.



Planframlegget skal handsamast etter plan- og bygningslova (pbl) § 12-3. Plankart og føresegner vil vere juridisk bindande, medan andre dokument er av opplysende art.

Ved endeleg vedtak erstattar Ytre Øyrane, gang- og sykkelveg med planident 4647-20230001 del av gjeldande


- områdereguleringsplanen Ytre Øyrane (plan-id.: 4647-143220130001)
- detaljregulering Ytre Øyrane (plan-id.: 4647-20200004)
- detaljregulering Concord (plan-id.: 4647-143220170004)
- detaljregulering Ytre Øyrane/Skaparhuset, Gbnr 21/648 (plan-id.: 4647_20200005)

Dette gjeld også alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegn.

Bakgrunn for saka

Planforslaget endrar på gang- og sykkelvegen langs vegen Øyrane, slik den er regulert i områderegulering Ytre Øyrane. I områdereguleringa er det lagt opp til fortau og sykkelveg på nordsida av vegen, medan det på sørsida er lagt opp til fortau, med gangveg gjennom Rotaryparken. I planforslaget vert både fortauet og sykkelvegen nord for vegen fjerna, men arealet sikra ved bruk av føresegnsområde til ei framtidig utbygging av fortau/sykkelveg. Sykkelvegen vert samla i ein gang-/sykkelvegløysing på sørsida av Øyranevegen, med unntak av eit parti forbi Storegården. Det er utarbeidd planomtale, reguleringsføresegner, reguleringskart, risiko- og sårbarheitsanalyse m.m.

Biletet under viser ein del av vegen, slik den er regulert i områdereguleringa øvst, og korleis same del er føreslege regulert i planforslaget nedst.



Saka var på høyring og offentlig ettersyn 13.01.2025 - 26.02.2025. Innkomne merknader i samband med høyringa finn ein i vedlegg 12. Svar frå plankonsulent og tiltakshavar er vedlegg 13, og frå kommunedirektøren er vedlegg 14.

Saksutgreiing

1. Planområdet

Planområdet er vegen Øyrane, på Ytre Øyrane, med tilhøyrande sideareal, og Rotaryparken, samt naudsynt del av naboeigedomane. Øyranevegen går mellom Rv.5 og Sunnfjordparken. Det går eit fortau langs vegen frå Storegården, som går over i ein gangveg gjennom Rotaryparken, og fram til Førde brannstasjon. Det går ein mellombels gangveg vidare fram mot Skaparhuset. Utanom dette er det ikkje tilrettelagt for gåande og syklande i området i dag.

2. Gang-/Sykkelvegen

Ved rundkøyringa på Rv. 5 har planforslaget i hovudsak følgt opp løysinga slik den er i områderegulering Indre Øyrane, men har utvida gang-/sykkelvegen forbi gbnr. 21/243 frå 2,5m til 3m etter høyring. Uansett om gang-/sykkelvegen er 2,5m eller 3m så vil etableringa av den føre til at fleire parkeringsplassar på gbnr. 21/243 forsvinn, og at køyrearealet forbi hjørnet på bygget på eigedomen går frå 11m breidde til om lag 4m. Det vil framleis vere plass til å køyre her, men endringane kan føre til at fleire køyrer enten Rv5, eller på baksida av bygget for å nå målet sitt. Ei slik mogeleg endring i køyremønsteret er tatt i vare i områderegulering Indre Øyrane,. Her det er regulert ein ny veg på baksida av bygget, men det vil krevje at denne vert opparbeid.

For gbnr. 21/454 er arealet anna veggrunn- grøntareal endra frå 1m breidde til 0,5m breidde. Om det er naudsynt kan parkeringsplassane forskyvast 0,5m fram, og framleis ha køyreareal på om lag 7m. Dette gjer det litt trongare enn det er i dag, men er nok til at parkeringsplassen kan nyttast.

Det er også gjort ei endring i føresegnene, der det er stilt krav om at belysning av gang-/sykkelvegen skal bestå av låge stolpar som berre lys opp sjølve gang-/sykkelvegen. Dette er for å ta vare på dyrelivet i Jølstra. Avkøyrslapila til gbnr.21/408 er også justert for å betre gjenspeile plasseringa av eksisterande avkøyrslar.

3.Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)

Området er vurdert til å vere lite sårbart på alle punkt, føresett at gjeldande reglar og planar vert følgde og gjennomført. Trafikktryggleiken fram til Skaparhuset vert vesentleg forbetra når gang-/sykkelvegen vert opparbeidd.

4. Naturmangfald - kulturminne

Det er ikkje registrert kulturminne, naturtypar, eller spesielle verdiar i høve biologisk mangfald i planområdet. Vurderingar etter prinsippa i §§ 8-12 i Naturmangfaldlova er omtala i planomtalen. Tiltaket er vurdert å ikkje gje auka belastningar på naturmangfaldet i høve dagens situasjon.

Førde, den 09.04.2025

Terje Heggheim kommunedirektør	Odd Harry Strømsli einingsleiar areal- og byggesak
-----------------------------------	---

Behandling i folkevalde organ:

Behandling i Kommunestyret 27.05.2025:

Helge Robert Midtbø (Ap) bad om habilitetsvurdering som følge av styreverv i Ankerløyken Eigedom AS, som er part i saka.

Midtbø gjekk frå habilitetsvurderinga, det møtte ikkje varamedlem.

Eit einstemmig kommunestyre erklærte Midtbø som inhabil jf. fvl. § 6 første ledd bokstav e andre punkt.

Avstemming:

Formannskapet si innstilling vart **einstemmig vedteke**

KST-040/25 Vedtak:

Sunnfjord kommune vedtek detaljregulering Ytre Øyrane, gang- og sykkelveg plankart datert 28.04.2025 og føresegner sist revidert 12.03.2025, i samsvar med pbl § 12-12.

Ved endeleg vedtak erstattar detaljregulering Ytre Øyrane gang- og sykkelveg med planident 4647-20230001 del av gjeldande

- områdereguleringsplanen Ytre Øyrane (plan-id.: 4647-143220130001)
- detaljregulering Ytre Øyrane (plan-id.: 4647-20200004)
- detaljregulering Concord (plan-id.: 4647-143220170004)
- detaljregulering Ytre Øyrane/Skaparhuset, Gbnr 21/648 (plan-id.: 4647-20200005)

Dette gjeld også alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegn.

Behandling i Formannskapet 15.05.2025:

Helge Robert Midtbø bad om habilitetsvurdering som følge av styreverv i Ankerløyken Eigedom AS, som er part i saka.

Midtbø gjekk frå habilitetsvurderinga, det møtte ikkje varamedlem.

Eit einstemmig formannskap erklærte Midtbø som inhabil jf. fvl. § 6 første ledd bokstav e andre punkt.

Avstemming:

Kommunedirektøren si innstilling vart **einstemmig tilrådd**

FORM-092/25 Vedtak:

Sunnfjord kommune vedtek detaljregulering Ytre Øyrane, gang- og sykkelveg plankart datert 28.04.2025 og føresegner sist revidert 12.03.2025, i samsvar med pbl § 12-12.

Ved endeleg vedtak erstattar detaljregulering Ytre Øyrane gang- og sykkelveg med planident 4647-20230001 del av gjeldande

- områdereguleringsplanen Ytre Øyrane (plan-id.: 4647-143220130001)
- detaljregulering Ytre Øyrane (plan-id.: 4647-20200004)
- detaljregulering Concord (plan-id.: 4647-143220170004)
- detaljregulering Ytre Øyrane/Skaparhuset, Gbnr 21/648 (plan-id.: 4647-20200005)

Dette gjeld også alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegn.

Vedlegg i saka:

1. Føresegner Ytre Øyrane
2. Plankart
3. Planomtale
4. Ortofoto
5. ROS-analyse
6. Teknisk teikning E-10
7. Teknisk teikning E-11
8. Vedtaksbrev
9. Merknader varsel oppstart - Ytre Øyrane, gang- og sykkelveg
10. Sykkelombodet - Innspel til plan - Ytre Øyrane, gang- og sykkelveg
11. Mogelegheiter for tilrettelegging for gåande og syklande - rapport
12. Samla merknadar etter høyring
13. Notat_merknader_J02
14. Offentleg ettersyn - merknadssvurdering - Detaljregulering Ytre Øyrane, gang- og sykkelveg